



Notat

Dato: 20.03.2017
Arkivsak: 2017/673-5
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Gunhild Raddum

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan, Dalekletten gnr. 35, brn.277 m.fl, Øygarden kommune

Planen har som formål og legge til rette for bustader og ruste opp krysset mellom Fv. 225 og Fv. 561. Det er tenkt å regulere inn ein snuplass og haldeplass for buss ved krysset for å erstatte haldeplassane som ligg i 80-sona før krysset. Samferdselsavdelinga/Skyss kan ikkje sjå at det er behov for ein slik løysing. For avviklinga av kollektivtransporten er det best med busslommene som i dag ligg langs fv. 561. Her er det rett strekning med god sikt i begge retningar. Det vil ikkje vere hensiktsmessig om bussane må køyre av vegen for å komme inn i ein snusløyfe for så å køyre ut igjen og då krysse vegen med dagens 80 sone 2 gonger for ruta nordover. Eit effektivt busstilbod som kan konkurrere med bil oppnår ein ved å unngå slike «tidstyver» som krev avkøyning frå hovudvegen.